

Allsidig konsert - publikum svikta

01.10.2011



Bergensarane viste avslappa song-glede

**Haustkonserten med 3 kor i Aktivitetshuset i kveld var prega av stor allsidighet, men diverre svikta publikum. Kora stilte med 100 songarar men i tillegg var det berre 47 betalande i amfiet og det må ein ha lov å vera skuffa over. Konserten fekk difor preg av at songarar song for kverandre og slik sett vart det ein form for seminar.**



Rosendalkoret imponerte

Bergenserane må årsaka oss - men vi tykte at dei to lokale kora var best  
mår det gjeld musikalsk og songleg kvalitet. Og denne gongen har vi trong for  
å gje førsteplassen til Rosendal Songlag. Dei var berre 15, men kven skulle  
trudd det då dei song!



Røysterett for alle treng fornya repertoar

Med irske folketonar og renessansemusikk som  
dirigent Maria Malmsten er så glad i imponerte dei denne gongen. Også med  
dette koret har Maria gjort underverker. Her har dirigenten fått mykje ut av  
få røyster.

Ikkje for det - Røysterett for alle har framleis ein høg standard. Det er berre det at  
det meste av repertoaret etter kvart har vorte svært godt kjent og treng fornying.  
Det er tydelegvis noko på gong, som til dømes kom munert til uttrykk  
gjennom songen om dyra på veg  
til København. Og ein kan som så mange gonger før nyta dei kjende songane som  
til dømes Kvannsanketid, Du er det finaste, og Man borde inte sova. Dei blir som før  
kjenslevart og fint avlevert og er forståeleg nok ein basis i cd-en som vi etterkvart

ventar skikkeleg på.

To felles-songar av dei 2 'Malmsten-kora' var blant høgdepunkta i konserten.

Når det så gjeld Laksevåg Blandet Kor stilte det opp med 40 av dei 60 songarane sine og gjorde inntrykk gjennom ein avslappa song-glede og ikkje så mykje ved direkte song-kvalitet. Repertoaret inneheldt også litt for mange gamle 'svisker', men Cant help falling in love var ein innertiar. Dirigent Turid Våge er sikkert ein inspirerande dirigent.

Men å bli meir inspirerande enn Maria Malmsten skal godt gjerast. Ho sprudla i kjent stil mellom numra. I tillegg til dirigentane sjølve gjorde Jostein Grov ein profesjonell og morosam jobb som programleiar - det var ein av fleire plussopplevingar i ein konsert som hadde fortent meir publikum.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen